

# Utkast til tiltaksplan 2018

## Lom nasjonalparklandsby



Alle foto: Live Andrea Sulheim



# Introduksjon:

Det er Landsbyrådet i Lom kommune som har kome med dei fleste av tiltaka, i tillegg har koordinator ført på eit par. Det er formannskapet i Lom kommune som er styringsgruppa til Lom nasjonalparklandsby, og tiltaksplanen må forankrast der før den eventuelt kan settast i verk.

Dersom kommunen ikkje får tilskot til tiltaka eller får mindre enn omsøkt er det naturleg at storleiken på tiltaksplanen må reduserast.

## Prioriterte tiltak i 2018:

### **1. Korte marknadsføringsvideoar frå Lom nasjonalparklandsby på sosiale medium**

I 2017 vart det laga fleire korte marknadsføringsvideoar frå ulike turstigar rundt Lom nasjonalparklandsby, mellom anna ein frå Lomseggen som fekk veldig god respons på Facebook (42 000 visningar pr. november 2017):

<https://www.facebook.com/visitjotunheimen/videos/vb.288147588689/10155676168433690/?type=2&theater>



Landsbyrådet ynskjer seg fleire slike videoar av alt som bør opplevast rundt sentrum, t.d. Bergomsrunda, arkitektur, kultur, mat, turstigar og arrangement. Med det utgangspunktet søker vi om eit tilskot for å dekke kostnadane til ein ekster fotografer. Redigering, modellar, planlegging etc. vil vi gjere sjølve i samarbeid med destinasjonsselskapet Visit Jotunheimen.

Budsjett: kr. 70 000,-

Søkjer om tilskot på kr. 35 000,-

## 2. Infrastrukturtiltak

Det er fortatt behov for små og store infrastrukturtiltak rundt nasjonalparklandsbyen for å styrke attraksjonskrafta og sikre kvaliteten til nasjonalparklandsbyen og turstignettet rundt.

Vi har prioritert følgjande tiltak:

- Turskilt utanfor Norsk fjellsenter (sjå teikning under). Her må vi ha gravmaskinhjelp til å flytte ein stor stein litt lenger ned, og for å bygge opp eit solid fundament for både informasjonstavla og masta med retningsskilt.



- Enkle sikringstiltak på kulturstigen opp til Skutlan. Her blir det store lag med is på vinterstid som gjer at stigen er vanskeleg å krysse.
- Små justeringar på eksisterande turstignett, t.d. skilt til utsiktspunktet Kvilarsteinen på veg opp til Lomseggen og nokre nye skilt til Tidsaksen.

Ekstern bistand til ljoseetting av Lom nasjonalparklandsby, for å gjere sentrum meir attraktivt og særprega på vinterstid.

Her kan det t.d. vere aktuelt å bruke ledljos i eksisterande rogntrær i

sentrumskjerna, men det er viktig at vi får utarbeida ein heilsakeleg plan slik at det gir eit estertisk fint uttrykk i tråd med resten av Lom.

Budsjett: kr. 140 000

Tilskot: kr. 70 000

### **3. Pendlarbenk mellom Lom og Vågå**

Det er mange pendlarar mellom kommunane i Ottadalen, og vi vil sjå nærare på moglegheita til å etablere ein «pendlarbenk», i fyrste omgang mellom Lom og Vågå. Dersom tilbodet blir ein suksess kan det kanskje utvidast til Otta og til Skjåk. Ein pendlarbenk er ein benk der du kan stille deg opp for å få skyss med andre som skal køyre til Lom eller til Vågå, basert på ei liknande løysing frå Tyskland. Vi meiner det er eit miljøvenleg og framtidsretta tiltak som bør prøvast ut.

Planen avheng av å finne gode plasseringar til benkane, få eit godt samarbeid med vegmyndigkeitene og få marknadsført tilbodet på ein god måte. Dei faktiske kostnaden vil gå til å utarbeide ei kampanje / ein profil, samt fysisk tilrettelegging og innkjøp av to benkar.

Budsjett: kr. 80 000

Tilskot: 40 000

### **4. Informasjon om Lom nasjonalparklandsby langs Tindevegen**

Vi har fått dette tilbodet frå Tindevegen:

Invitasjon til samarbeid på raste-/informasjonspunkt.

*Tindevegen, Fjellvegen Årdal-Luster SA, er i gong med opparbeiding av rasteplass på Tindevegen. Og ein har i samband med dette glede av å tilby dykk plass for informasjon og god stoggeffekt til trafikkantane (40.000 passeringar i 2017).*

*Det fylste av 2 planlagde punkt me ynskjer å realisere, ligg 4 km frå Turtagro. Me har lagt ved bilder frå dette punktet, samt tenkt type tavleoppsett for informasjon. X er om lag der me tenkjer tavlene og – er der 2 sett benker/bord for rastestogg er tenkt plassert.*

*Som ein ser, er ein godt i gong med opparbeidinga av plassen. Vidare plan er at denne står ferdig i mai 2018. Og at alle dei aktuelle kommunane som er kopla til turistvegen har nytta høvet til å presentere seg.*

*Vår tilbod til kommunane, samt litt detaljar:*

- Opparbeiding av grunn, tavler og monteringa av desse blir gjort og kosta av Tindevegen.
- Grafikk/informasjon på folie kostast av den enkelte kommune. Me samarbeider med Arkeoplan for levering av tavler og folieprint. Arkeoplan har og levert tavler til dei nasjonale turistvegane. I tillegg har me fått litt bistand frå Silja Løken i det nasjonale turistvegprosjektet.
- For ein rasjonell og raskt framdrift, kan kommunane eventuelt nytte ferdig informasjon frå tidlegare prosjekt. Med eventuell ombygging til aktuelle mål. Tenkt platemål (informasjonsplate for kvar kommune) er  $1,2 \times 1,2$  (m).



Her er det naturleg til å nytte høve til å profilere Lom nasjonalparklandsby med sine tre nasjonalparkar (Jotunheimen, Reinheime og Breheimen). Vi søker derfor om tilskot til å utarbeide infomateriell til dette infopunktet.

Budsjett: kr. 30 000

Tilskot: kr. 15 000

## 5. Lomsfest

Lomsfest vart arrangert for første gong i 2017 i tett samarbeid mellom kommunen, friviljuge organisasjonar og lokalt næringsliv. Arrangementet vart ein suksess med i underkant av 30 små og store arrangement i løpet av helga, inkludert VM i sokkeseg, konsertar, buskspel, haljanturnering, quiz, strikkepub, ølsmaking, klesmarknad til inntekt for TV-aksjonen etc.

For å få eit berekraftig arrangement som kan stå seg over tid så har vi jobba med å halde kostnadsnivået nede, men ynskjer ein liten sum til profilering og vidareutvikling av festivalen.



Foto: Buskspel under Lomsfest 2017

Budsjett: Kvart enkelt arrangement under Lomsfest har ansvar for både inntekt- og utgiftsida, så det totale budsjettet er vanskeleg å anslå. Det er ein stor andel eigeninnsats frå både friviljuge, næringsliv og kommunen. Eit budsjett på kr. 20 000 gjeld derfor primært til profilering og koordinering.

Budsjett: kr. 20 000

Tilskot: kr. 10 000

## Budsjett og finansieringsplan:

Tiltak	Budsjett	Tilskot	Eigne midlar / eigeninnsats / midlar frå andre aktørar	Kommentar:
1. Korte marknadsføringsvideoar frå Lom nasjonalparklandsby	70 000	35 000	35 000	Samarbeid koordinator, Visit Jotunheimen og reiselivsverksemder
2. Infrastrukturtiltak	140 000	70 000	70 000	Samarbeid koordinator, landsbyvakt, Fossheim Steinsenter, Norsk fjellsenter
3. Pendlarbenk mellom Lom og Vågå	80 000	40 000	40 000	Samarbeid mellom Lom og Vågå kommune, Statens Vegvesen
4. Informasjon om Lom nasjonalparklandsby langs Tindevegen	30 000	15 000	15 000	Samarbeid mellom Lom kommune, Visit Jotunheimen, Tindevegen og andre interesser
5. Lomsfest	20 000	10 000	10 000	I samarbeid med handelsstand, friviljuge lag og organisasjonar etc.
<b>Totalt</b>	<b>340 000</b>	<b>170 000</b>	<b>170 000</b>	